Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vatnbering.

Oppskr. av: Asbørg Langemyr

(adresse): Herefoss

Fylke: Aust-Agder

Herad: Herefoss.

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Ola A. Gauslå, bonde. 69 år. Herefoss

SVAR

Ja, her i Herefoss er det og blir bore mykje vatn. Er vegen lang når det er toikoldt. så brukast „ok" og to bøtter. Sjølve treet i oket kviler på akslene og er utholt til halsen så det ligg godt. I kvar ende ~~var~~ er så eit lekke med ein krok, og i kroken hengde me bøttene. Lekket og kroken er av jarn på dei oka eg har sett. Før i tida brukte dei trekrokar. For 50 år sidan blei det meir og meir slutt med trebøtter, men dei har no vore å finna heilt til seinare tid og har sjølv bore vatn i ok og trebøtter – men det var tungt. Vassåa hadde me ståande i fjøset og bar dei fulle av vatn i av vanlege bøtter. Storleiken er så ymse. I stor ~~fr~~ fjøs har dei svære kar ståande til å tappa vatn i frå springvatnet eller bera fulle av vatn frå brønnen

2283

Det er no helst på mindre gardar at dei ber vatnet. På store gardar köyrer dei med hest og slede, og då er det vanleg mannen eller sonen som gjer det. Men skal vatnet berast, så har det vore kona som måtte i veg. I sinare tid, men det er aller sinaste tid, har mannfolka meir og meir tatt på seg vatnberinga.
No blir det og sjölvsagt fleire og fleire stader med springvatn eller pumpe i fjös og kjökken. Men frys springvatnet om vinteren, så er det til å bera vatn til fjös og til hus.
Og det finst mange småbruk der dei ber alt vatnet den dag i dag.

2283
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING